



## PRESSEMELDING

Dato: 02.11.2015

### **Herøy helse- og omsorgssenter til topps i «Gylne måltidsøyeblikk» i Møre og Romsdal.**

**Ein samrøystes fylkesjury har kåra Herøy helse- og omsorgssenter til vinnar av konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk» i Møre og Romsdal. Herøy helse- og omsorgssenter utpeikar seg ved at menyane er svært fristande. Middagsmenyane inneheld mykje heimelaga mat som gjenspeglar sesongane og er ofte basert på lokale råvarer.**

Balansen mellom dei ulike råvarene er god, presentasjonen på tallerkenen er innbydande og rettane sin fargekombinasjonar hevar måltida. Dette gjev appetittvekkande og næringsrik mat. Borda ser koselege ut og matsalen framstår som svært hyggeleg. Totalinntrykket av stemninga kring måltida gjer difor denne institusjonen til ein klar vinnar. Herøy helse- og omsorgssenter tenkjer heilskapleg, og dei nyttar alltid «Kosthåndboka» ved planlegging av menyane. Balansen mellom dei ulike råvarene sørgjer for god ernæring.

Ved besøk på institusjonen fikk juryen oppleve roleg og fin stemning der dei tilsette behandla bebuarane svært venleg og imøtekomande, og alle synte gjensidig glede og interesse for kvarandre.

Herøy helse og omsorgssenter går no vidare til den nasjonale finalen og skal konkurrere mot vinnarane frå dei andre fylka. Men først skal fylkes-sigeren feirast med fest for bebuarar, tilsette, og inviterte gjester!

«Vi har alt fått større engasjement rundt måltidsopplevinga for bebuarane. Målsettinga vår er heile tida å strekke oss endå litt lenger for å gjere det betre, og denne konkurransen har så absolutt vore med på å heve kvaliteten på det vi driv med. Stor takk til dei som kom på denne ideen!» Dette seier kjøkkensjef Bjørg Warholm om Herøy helse- og omsorgssenter si oppleving av å være med i en slik konkurranse

#### **Om konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk»:**

Gjennom satsinga «Gylne måltidsøyeblikk» inviterte statsråd Sylvi Listhaug tidlegare i år alle sjuke- og aldersinstitusjonar til å delta i ein konkurranse for å løfte fram dei hyggelege måltidsstundene. Konkurransen er eit ledd i regjeringa sitt arbeid med å betre matomsorga på alle norske sjuke- og aldersheimar. Målet er å auke medvitet om maten og kva måltida har å seie for dei eldre.

Det er i alt 8 kommunar og 9 institusjonar i Møre og Romsdal som har delteke i konkurransen. Dei har sendt inn bilete frå ein heil vekemeny saman med informasjon om organiseringa av måltida ved institusjonen. Tre av institusjonane gjekk vidare til finalen, og vart besøkt av juryen. Konkurransen har skapt stor entusiasme hos dei tilsette på alders- og sjukeheimane rundt om i fylket. Det er svært gledeleg å sjå kor mykje «matomsorg» som vert utført kvar dag, og kor mykje god mat som vert servert.

Juryen i Møre og Romsdal er samansett ut i frå kriteria frå Landbruks- og matdepartementet:  
Jan Roger Blø, kjøkkensjef på Molde Fjordstuer, leiar  
Randi Havnevik Devold, leiar i Ålesund eldreråd  
Vera Henriksen, journalist i Romsdals Budstikke  
Marie Eide, folkehelserådgivar hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

På biletet:

Kjøkkenpersonalet ved Herøy helse- og omsorgssenter  
Frå venstre: Rita Grønbech Hodneland og Beate Kvalsvik (kokkar)  
Klara Vangen Kopperstad, Mona Skinnes og Linda Hammervold (kjøkkenassistentar)  
Bjørge Warholm (kjøkkensjef) og Solveig Krogstad (kokk).  
Bente Larsen Nerland (kokk) var ikkje til stades då biletet var teke.

Kontaktinfo Herøy helse- og omsorgssenter:

BJØRG WARHOLM  
Kjøkkensjef  
7008 1478/ 9909 5253  
bjorg.warholm@heroy.kommune.no  
www.heroy.kommune.no

Statsråden Sylvi Listhaug er også tilgjengelig for kommentar til saka.  
Wenche Hægermark er kontaktperson i Landbruks- og matdepartementet si kommunikasjonsavdeling.

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Mat/Det-gylne-maltidsoyeblikk/?id=64057>

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/gylne-maltidsoyeblikk/id2422652/>

<https://www.facebook.com/Måltidets-muligheter-1602993189970969/>

Kirsti Indreeide  
Matkontakt  
Fylkesmannen I Møre og Romsdal  
Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon kontor 71258575  
Mobil 94162863  
E-post: [kirsti.pernille.indreeide@fylkesmannen.no](mailto:kirsti.pernille.indreeide@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)